

Sak 3 ÅRSMELDING 2005 OSTERØY IDROTTSLAG

STYRET:

Leier	:	Jørgen Varden	05
Nestleier	:	Bernt Johan Flæsland	04/05
Kasserer	:	Norunn Rosnes	04/05
Sekreter	:	Geir Kleppe	05/06
Styremedlem	:	Aashill Fredriksen	05/06
1 varamedlem	:	Kjellaug Hartveit	05
2 varamedlem	:	Svein Lohne	05
Revisor	:	Annette Fitje	05
"	:	Marit Njåstad	05
vara	:	Håkon Asheim	05
"	:	Norodd Helle	05
Valkomite	:	Kjell Gjøstein	05
"	:	Andreas Mjelstad	05
"	:	Bente Midtun	05

Gruppestyra:

GRUPPE	LEIER	KASSERER	SEKRETÆR
Fotball	Svein Lohne	Tore Langeland	Solgunn Presttun
Friidrett	Bjarte Lohne	Randi Kleppe	Trond Rosnes
Ski	Øyvind Litland	Bernt J Flæsland	Øyvind Litland
Turn	Siv Vevle	Laila Bernes	Målfrid V. Lohne
Volleyball	Trude Jacobsen	Kåre Nyheim	Ragnhild Eri
Trial	Asbjørn Hansen	Asbjørn Hansen	Frode Johnsen
Valestrandgruppa	Vidar Simmenes	Berta Seime	Kari Stamnes
Handball	Tony Lillefosse	Laila Borge	Eli Hole
"Spretten"	Aashill Fredriksen	Tirill Øvsthus	Johannes Bertelsen
Basketball	-	-	-

LEIARANE I GRUPPENE ER STYREMEDLEM I HOVEDSTYRET.

Andre nemder og komiteer i 2005:

Idrettsmerkeutval: Friidrettsgruppa

Premiesamling: Vidar Simmenes
Svein Lohne

Heidersteikn-nemnd: Ikkje aktiv

Husstyret: Kjellaug Hartveit
Tore Langeland

Barneidrettsnemnd: Ikkje aktiv

Prosjektnemnder:
Fugledalen: AU
Klubbhuset: AU

Drift- og vedlikehaldsnemnd
for Osterøy Stadion: Tore Langeland (leier)
Geir Lohne
Bjarte Vik

LAGSVERKSEMDA I 2005:

Osterøy Idrottslag har hatt om lag 770 medlemmer i 2005, fordelt på 9 aktive grupper.

Styret har hatt 6 styremøte, og behandla 44 saker. I tillegg har arbeidsutvalet hatt 9 møter og behandla 47 saker. I tillegg har AU hatt eitt arbeidsseminar.

Av større saker kan nemnast:

- Offisiell opning av friidrettsdelen på Osterøy Stadion
- Oppdatert drifts- og vedlikehaldsinstruks for Osterøy Stadion.
- Sendt søknad om tippemidlar for avlastningsbane i Fugledalen til Osterøy kommune
- Sendt søknad om tippemidlar for tilbygg på Klubbhuset til Osterøy kommune
- Notat til Osterøy kommune vedr. budsjett 2006 og vedlikehaldsmidlar til Osterøy Stadion
- Utkast til driftsavtale for Osterøy Stadion mellom OIL og Osterøy kommune
- Oppstart av prosjekt OIL 2010 – kor står vi/kor vil vi

Utført etter handlingsplan:

Organisasjon:

- Hyppige møter i arbeidsutvalet ivaretek dagleg drift, saker vert her førebudd for vedtak i hovudstyret.
- Fortløpande revisjon av årshjul for faste arbeidsoppgåver for arbeidsutval og styret
- AU-medlemene si deltaking i styremøte i gruppene er ikkje kome i gang, sjølv om AU har invitert seg til gruppestyra.

Idrett:

- Aktiviteten i gruppene har vore jamn og god og i tillegg til ordinær aktivitet har idrettslaget hatt idrettskule på Valestrand. I Lonevåg har Turngruppa hatt aktivitet for barn frå 5 år.
- Kurs i basistrening gjennomført.

Økonomi:

- Laget har ein sunn og god økonomi med solid egenkapital og låg gjeld, sjå vedlagte rekneskap.
- Sponsoravtalen 2005: Sponsoravtale med Nordea
- Friidrettsanlegget som kostar i storleiken 5,25 mill kr, blei finansiert med spelemidlar og kommunale midlar. Hertil kjem ca. 2 500 dugnadstimar.
- Osterøy stadionbygg kosta 1.7 mill. Finansieringa vart vart gjort med spelemidlar kr, 550 000,- samt egenkapital. Dugnadsdelen er rekna til kr. 930 000,-.

Anleggsutvikling:

- Klubbhuset, nye planar for ominnreiing av underetg. og rom i 2. etg. for speaker/tidtakarar utarbeidt m/kostnadsoverslag.
- Friidrettsdelen på Osterøy Stadion er ferdigstilt.
- Arbeid mot Osterøy Kommune for regulering av Fugledalen for avlastingsbane.
- Samarbeidsavtale med Mjøsdaalen Idrettslag om bruk av friidrettsdelen, Osterøy Stadion er ikkje ferdig.

Miljø:

- Gjennomført fellesmøte for alle tillitsvalde i gruppene.

Informasjon:

- Informasjon om aktiviteten i Osterøy Idrettslag på laget si heimeside: osteroyil.no
- Oppdatert medlemsfolder vart sendt ut saman med krav om medlemspengar.
- Alle idrettslag i Osterøy og OIL sine samarbeidspartnarar vart invitert til opningsarrangementet for friidrettsdelen av Osterøy Stadion